



Byggmester Nils J Solend AS
Stølen 12
5911 ALVERSUND

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/6266 - 20/31272

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
27.05.2020

Ferdigattest - tilbygg bruksendring klubbhuset gbnr 326/20 Litlebergen

Administrativt vedtak: Saknr: 543/20
Tiltakshavar: Litlebergen Båtforening
Ansvarleg søkjar: Byggmester Nils J Solend AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg, fasadeendring og bruksendring av verkstad til klubbhuset for båtforening på Litlebergen på gbnr 326/20.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 16/617, datert 04.09.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.03.2020 og supplert 10.03.20 og 19.05.20.

Skildring

Adresse:	Litlebergen 5
Bygningstiltak:	Tilbygg og bruksendring frå verkstad til klubbhuset

Bygningsnummer:	175994793
Bruksareal:	Tilbygg har BYA på 40 m2
Avlaup:	Privat slamavskiljar på 7 m3
Vatn:	Kommunalt, vassmålar er installert
Tal på røykløp:	0

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/6266

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Oppdatert gjennomføringsplan - gbnr 326/20 Litlebergen

Kopi til:

Litlebergen Båtforening Postboks 96 5906 FREKHAUG

Mottakarar:

Byggmester Nils J Solend AS Stølen 12 5911 ALVERSUND